



Arkivnr: 2018/7385-1

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.02.2018
Fylkestinget		06.03.2018

Bompengereforma - overføring av garantiar til Ferde AS

Samandrag

Det regionale bompengeselskapet Ferde AS arbeider med å kjøpe opp eksisterande bompengeselskap. Planen er å fusjonere dei eksisterande bompengeselskapa inn i Ferde AS. Lånegarantiar som fylkeskommunen har gjeve må dermed overførast til Ferde AS.

Fylkeskommunen har til no gjort vedtak om sal av aksjane i fire bompengeselskap. I denne saka vert det rådd til å godkjenne at garantiar som er stilt overfor desse selskapa vert overførde til Ferde AS.

Økonomi: Ingen effekt.

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ikkje direkte kopla mot regional planstrategi, men oppfølging av statlege reformer i bompengesektoren.

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargarantiar overfor Ferde AS til følgjande prosjekt:

- Bergensprogrammet / Bypakke Bergen
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 6 100 mill. kr (2017-kr).
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2037.
- E39 Svevatjørn-Rådal
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 3 770 mill. kr (2017-kr)
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2038.
- Austevollbrua
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 100 mill. kr.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2022.

4. Askøypakken

Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 1 230 mill. kr (2017-kr).

Garantien dekkjer i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.

Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 09.02.2018**Bakgrunn**

Stortinget har vedteke reformer i bompengesektoren, m.a. ved at det skal opprettast regionale bompengeselskap. Ferde AS (tidlegare Sørvest bomvegselskap AS) er etablert av fylkeskommunane Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Sogn og Fjordane og Hordaland i samsvar med reformen.

Ferde AS har kome med tilbod om kjøp av fylkeskommunen sine aksjar i ti bompengeselskap. Fylkesutvalet har til no godkjent sal av aksjane i fire selskap. Dette gjeld:

- Bergen bompengeselskap AS – fylkesutvalssak 309/17 / fylkestingsak 122/17
- Bergen-Os bompengeselskap AS – fylkesutvalssak 11/18
- AS Austevoll bruselskap – fylkesutvalssak 12/18
- Askøy bompengeselskap AS – fylkesutvalssak 13/18

Bergen bompengeselskap AS var heileigd av fylkeskommunen, medan dei tre andre selskapa var eigd saman med kommunar. Dei aktuelle kommunane har også vedteke sal av aksjane til Ferde AS.

Fylkesrådmannen kjem attende til sal av aksjane i dei resterande seks selskapa og tilhøyrande lånegarantiar.

Garantiansvar

Hordaland fylkeskommune har stilt garanti for lån som bompengeselskapa har teke opp til finansiering av utbyggingane. Planen er at selskapa som er kjøpt opp av Ferde AS skal fusjonerast med Ferde AS. Ferde AS blir dermed ståande som låntakar, og fylkeskommunen sine garantiar må overførast til dette selskapet, om ein framleis skal oppnå uendra lånevilkår etter nyordninga. I følge Kommunal- og moderniseringsdepartementet er det nødvendig å gjere nye vedtak om garantistilling.

Godkjenning av garantioverføringa

Kommunal og moderniseringsdepartementet skal godkjenne garantistillinga. Departementet har presisert at det må kome tydeleg fram kva garantiar som vert overført, kor stor garantisummen er og kor lenge garantien gjeld.

I forslaget til innstilling har fylkesrådmannen difor eit punkt for kvar garanti som vert foreslått overført.

Risikovurdering

Etter fylkesrådmannen si vurdering vert ikkje risikoen endra etter overføringa. Oppretting av Ferde AS er langt på veg ei teknisk endring – i samsvar med bompengereforma, vedteken av Stortinget. Sjølv om Hordaland fylkeskommune sin eigardel i Ferde AS er lågare – 20% mot tidlegare minst 50% i dei ulike selskapa, vurderer fylkesrådmannen garantirisikoen som uendra. Prosjekta som ligg til grunn for selskapa sine låneopptak er uendra av eigarskiftet og dette er avgjerande for fylkeskommunen sin garantirisiko.

Nedbetaling av bompengelånet for Austevollbrua går mot slutten, og det er minimal risiko knytt til dette prosjektet dei åra som står att.

Bergensprogrammet / Bypakke Bergen og Askøypakken inneheld ei rekkje ulike prosjekt. Risikoen vert avgrensa ved at ein kan avpasse igangsetjing av nye prosjekt til det ein ser det er dekning for i bompengeinntektene.

Nærare om garantiane som skal overførast

Bergen bompengeselskap AS

Siste vedtaket om garanti vart gjort av fylkestinget i sak 41/14:

«Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldninggaranti for lån på inntil 5 800 mill. kr som Bergen Bompengeselskap AS tar opp i samband med gjennomføring av prosjekt i Bergensprogrammet.

Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2027.»

Pr. 31.12.2017 har Bergen bompengeselskap AS lån på 5 270 mill. kr i Kommunalbanken.

Den 20.12.2017 gjorde Stortinget vedtak om «Finansiering av Bypakke Bergen i Hordaland».

Eg siterer følgjande frå Prop. 11 S (2017-2018):

«Hordaland fylkeskommune har tidlegare fatta vedtak om garanti ved sjølvskuldningarkausjon for eit maksimalt bompengelån på inntil 5,8 mrd. kr. Det er ikkje lagt opp til å utvide garantiramma, men Hordaland fylkeskommune vedtok i møte i fylkestinget 13. juni 2017 å utvide garantiperioden til 2037, jf. kapittel 3.

Basert på føresetnadene i denne proposisjonen er maksimal lånegjeld rekna til om lag 6,1 mrd. 2017-kr. For å oppnå best mogeleg lånevilkår oppmodar derfor Samferdselsdepartementet fylkeskommunen til også å utvide garantiramma.

Utviding av garantiperioden er førehandsgodkjent av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, som vil ta endeleg stilling til godkjenning av garantivedtaket etter at Stortinget har gjort vedtak i saka. Også ein eventuell auke av garantiramma må godkjennast av departementet.»

I tråd med dette rår fylkesrådmannen til at ein aukar garantiramma til 6,1 mrd. 2017-kr.

Bergen bompengeselskap AS har teke opp alle sine lån i Kommunalbanken. Kommunalbanken krev ein reserve på 10 % av utlånt beløp til dekning av påløpte renter og kostnader. Det vil seie at med ein garantisum på 5 800 mill. kr, får bomselskapet berre låne ca. 5 270 mill. kr. Fylkesrådmannen rår difor til at garantivedtaket vert utforma slik at reserven på 10 % kjem på toppen av det oppgjevne lånebeløpet.

Bergen-Os bompengeselskap AS

Fylkestinget gjorde følgjande vedtak om garantistilling i sak 48/14:

«Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldninggaranti for lån på inntil 3 500 mill. kr (2014-kr) som Bergen-Os Bompengeselskap AS tar opp til finansiering av E39 Svevatjørn-Rådal.

Garantiperioden strekkjer seg fram til utgangen av 2038.»

Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget godkjenner tilsvarande garanti overfor Ferde AS.

Sidan garantibeløpet var oppgjeve i 2014-kr, kan det vere naturleg å oppjustere beløpet til 2017-kr. Konsumprisindeksen har hatt ein auke på 7,8 % frå 2014 til 2017. Oppjustert med denne prosentsatsen vert garantibeløpet 3 770 mill. kr (2017-kr).

Ved utgangen av 2017 hadde Bergen-Os bompengeselskap AS teke opp lån på i overkant av 2 mrd. kr.

AS Austevoll bruselskap

Første vedtaket om garanti for AS Austevoll bruselskap vart gjort i fylkestingsak 24/04. Det vart då gjeve simpel garanti for lån på 240 mill. kr. Seinare er beløpet justert og garantien er gjort om til sjølvskuldnargaranti (fylkestingsakene 87/07 og 14/10.)

Lånet i KLP er pr. 31.12.2017 nedbetalt til 85,5 mill. kr, og skal etter planen vere innfridd i løpet av 2021.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om å gje garanti overfor Ferde AS på inntil 100 mill. kr, og at garantiperioden strekkjer seg til utgangen av 2022.

Askøy bompengeselskap AS

Fylkestinget gjorde følgjande vedtak om garantistilling i sak 41/13:

- «1. Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 1 100 mill. 2012-kr som Askøy Bompengeselskap AS tek opp til delvis finansiering av Askøypakken. Garantien dekkjer i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
2. Garantien opphøyrer seinast 31. desember 2030.»

Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget godkjenner tilsvarande garanti overfor Ferde AS.

Sidan garantibeløpet var oppgjeve i 2012-kr, kan det vere naturleg å oppjustere beløpet til 2017-kr. Konsumprisindeksen har hatt ein auke på 12,4 % frå 2012 til 2017. Oppjustert med denne prosentsatsen vert garantibeløpet 1 230 mill. kr (2017-kr).

Askøy bompengeselskap AS har ved utgangen av 2017 ikkje teke opp lån.